



SYDENSTEMNING: Nokre av gutane i 9a på Flora Ungdomsskule brukte ein av dei siste skuledagane før sommarferien på Sørstrand og fekk prøve ut den ferske skjelsanden. F.v. Simon Øjelid, Robin Seilen Tyssebotn, Christian Sværen, Øivind Andre Svardal Ullaland, Vegard Erling Ramsdal, Philip Seilen Tyssebotn. Alle foto: Anne Marit Seljeseth

Sydhavsidyll på Sørstrand

FLORØ: Med 300 kubikk skjelsand på plass er idyllen komplett på Sørstrand.

ANNE MARIT SELJESETH
anne.marit.seljeseth@firdaposten.no

Eit 15-30 cm tjukt lag med skjelsand av ypparste kvalitet frå Braken i Hordaland er no på plass i den tørrlagde delen av stranda og mot volleyballbana i vest. – Vi har fått skikkeleg strilesand. Det er bra det ikkje berre er Førde-sand her ute, humrar prosjektleiar Magne Hovland, og viser til elvesanden som er brukt som grunning over steinane i strandkanten. Flata for leik og sitjeplassar har blitt betydeleg større, om ikkje dobla, medan sjølv stranda har komme høgare opp for å få mindre plager med tang om vinteren.

30–35 lastebilar

Det er Rogaland-selskapet Boston AS som har teke turen med spesialfartyet MS «Sandstrand» for å fylle på skjelsanden. 300 kubikk med sand vert pumpa gjennom ein over 200 meter lang røyrløydning. Men det er ikkje alltid like lett å forestille seg kor mykje sand 300 kubikk er når det kjem igjennom røyr.

– Om vi reknar om til lastebilar som tek omtrent 8–10 kubikk kan vi rekne med at det svarar til 30–



FORNØGD: Prosjektleiar Magne Hovland er fornøgd med sanden som no er på plass. – Flata for leik og med sitjeplassar er blitt mykje større, medan sjølv stranda har blitt høgare fortel Hovland.



«SANDSTRAND»: Lekteren MS «Sandstrand» pumpa tysdag 300 kubikk med sand gjennom eit godt over 200 meter langt røyr til land, medan besøkjande koste seg.

35 store lastebillass, seier Hovland.

Høg kvalitet

For at sanden skal komme seg gjennom røyra, vert den blanda ut med vatn og «spylt» på plass. – Det er ganske imponerende at dei pumper sanden slik, seier Hovland og fortel det kjem 11–15 kubikk med sand i timen. Hadde avstanden frå båten til land vore kortare hadde pumpinga gått fire gonger raskare. Det opplyser skipper og dagleg leiar i firmaet som leverer sanden, Tor Veia.

Han leverer skjelsand til strender både på Vestlandet og Austlandet.

– Skjelsand har sju til åtte gonger større overflate enn vanleg sand og blir mellom anna brukt til reinsing av fosfor. Den er dessutan miljøvennleg, rimeleg å utvinne og kjem rett frå havet. At vi kan hente sanden opp frå same provins som den skal brukast, betyr at vi og får same flora. Skjelsand reinsar dessutan åtte gonger meir enn kalkstein, forklarar Veia. – Vi får høg kvalitet på badevatn med andre ord, spøkar Hovland.

Mjukt og godt

Vatnet som sanden vert frakta med har grave ut eit par små elvar i heilninga ned til strandkanten. Det gjer at ein del sand har rent ut i sjøen, men Hovland bekymrar seg ikkje så mykje over.

– Den er no mjuk og god å gå på

for barna slår han fast, og seier han allereie har fått tilbaketilgang frå folk som er fornøgd med sanden.

Skipper Veia er imponert over den private innsatsen bak folkeparken Sørstrand.

– Det skulle vore gjort meir slikt i Norge, men det er nok ikkje alle kommunar som seier ja til slikt sjølv om det er i privat regi, hevdar han.

Viktig for ungdommen

Hovland meiner Sørstrand er blitt ein viktig samlingsplass for ungdom og ein fin plass for barnefamiljar.

– Besøket til no har vore over all forventning. Det er blitt ein festplass for unge, som rett nok har gitt utslag i søppel og knuste glas. Men vi opplever ikkje dette som eit stort problem, poengterer Hovland. Han strekar under at ungdommen er hjarteleg velkomne til å bruke folkeparken.

Anlegget skal stå ferdig til den offisielle opninga Jonsok, og på sikt håpar Hovland at dei får på plass sanitæranlegg.

– Det har blitt etterspurt, men først må vi få fleire midlar på plass, seier han og skryt av Sigmund Frøyen og Thomas Terøy. – Sigmund har gjort ein fantastisk innsats med å skaffe midlar og Thomas har gjort ein god jobb med muring og planering.